

VEDTEKTER FOR STIFTINGA AUSTRHEIM BARNEHAGE

Vedtekne av stiftaren Huskestova Barnehage AS i styremøte den 17.02.99, i medhald av § 12 i Huskestova Barnehage AS sine vedtekter. Endra § 9 og § 10 vart vedtekne på foreldrerådsmøte i Stiftinga Huskestova Barnehage den 05.04.00. §11 vart vedteken på foreldrerådsmøte 27.04.06. Namneendring vart vedteken på foreldrerådsmøte 02.10.06.

Endring av vedtektene 20.03.07 for å tilpasse dei til "Lov om stiftingar 15 juni 2001 nr 59" som trådte i kraft 1.jan 2005.

- 1 Stiftinga sitt namn er Stiftinga Austrheim Barnehage.
Stiftinga sitt kontor skal liggje i Gloppen kommune, adresse 6823 Sandane.
- 2 Føremålet med stiftinga er å drive barnehage eller verksemd som står i samband med dette. Stiftinga si drift skal vere økonomisk forsvarleg, men skal ikkje sikte mot økonomisk vinning.
- 3 Stiftinga Austrheim Barnehage er ei privat stifting med grunnkapital på stiftingstidspunktet på kr. 50.000,-. Det er ein føresetnad at drifta av Stiftinga Austrheim Barnehage vert finansiert av foreldreinnbetalingar, offentlege tilskot og eventuelle private gåver.
- 4 Styret er stiftinga sitt øvste organ jmf. §30.
- 5 Styret skal ha 5 medlemmar og vere samansett av:
 - 4 representantar frå foreldra med to varamedlemar
 - 1 representant valt av og mellom dei tilsette med varamedlem.Foreldre/føresette til barn som har plass i barnehagen vel styreleiar og tre representantar til styret. Dei har ei stemme for kvart barn utan omsyn til storleik på plassen.
Styraren møter med forslags- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Styraren er sekretær for styret. Styret skal sørge for at stiftinga sine føremål blir ivaretekne, representere stiftinga utad og har ansvaret for at stiftinga vert driven etter vedtektene. Styret tilset og avset styrar og andre tilsette. Styret vel representant til samarbeidsutvalet.
Styremedlemmane og styreleiar tenestegjer i eitt år.
- 6 Styret skal handsame følgjande saker:
 1. Handsame årsmelding og rekneskapen for siste år
 2. Tilsetje revisor og fastsetje revisorhonorar.
 3. Styret skal forvalte stiftinga og handsame og avgjere saker som etter lov eller

vedtak høyrer under styret si plikter og myndighet.

4. Handsame og avgjere overordna retningslinjer for drifta.

Styret kan endre vedtektene innafor rammene til reglane i Lov om stiftelser av 2001.

Vedtektsendringar krev 4/5 fleirtal av dei frammøtte representantane.

- 7 Styreleiar eller styrar kallar inn til styremøte.

Foreldre/føresette har høve til å melde saker til styret.

- 8 Stiftinga Austrheim Barnehage skal ha eit samarbeidsutval (jfr. lov om barnehagar, § 4) med ein representant frå dei tilsette og ein representant frå styret.

- 9 Overskot går inn som annan eigenkapital i stiftinga.

- 10 Ved eventuell oppløysing av stiftinga skal grunnkapitalen og annan eigenkapital gå til nytt eller eksisterande barnehageprosjekt eller verksemd som står i samanheng med dette i kommunen. Om midlane ikkje kan nyttast straks, skal stiftinga ta hand om midlane inntil dei kan nyttast til føremålet sitt etter denne paragrafen.

11. Medlemmar i styret og varamedlemmar skal skrive under teieplikt på lik linje med dei tilsette i barnehagen.

John Morten Selsvik
Styreleiar

Hege Støylen Alme
Styremedlem

Hildegunn Austrheim Buene
Styremedlem

Elise Berg
Styremedlem

Bjarne Austrheim
Styremedlem

Stiftinga Austrheim Barnehage Hovudretningslinjer for drifta

Vedteke av konstituerande foreldrerådsmøte den 17.02.99,
Namneendring 20.03.07, sist endra juni 13

1. Stiftinga Austrheim Barnehage (SAB) vert driven av dei foreldra som til ei kvar tid har plass i barnehagen. SAB vert driven i samsvar med lov om barnehagar, SAB sine vedtekter og vedtak fatta av foreldrerådet og styret i barnehagen.
2. Formål: Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.
3. Søkjarar til ledige plassar søker via Gloppen Kommune sine heimesider .
 - 3.1. Styret avgjer korleis ledige plassar skal fyllast og lysast ut. Alle som har plass i SAB skal skriftleg ha avtalefesta storleiken på plassen.
 - 3.2. Når ein har fått plass i SAB, har ein rett på plassen fram til skulepliktig alder.
 - 3.3. Avtale om plass skal gjevast av styret, eller av den som styret gjev fullmakt.
 - 3.4. Er det fleire søkjarar enn ledige plassar, ser vi på alderen på barna. Dei eldste får plass fyrst. Ved lik prioritet vert det nytta loddtrekning.
 - 3.5 Fyrsterett til plass har barn som kjem inn under §13 i barnehagelova. Barn som har redusert plass, har førerrett til auka plass framfor nye søkjarar. Deretter har barn av tilsette og sysken av barn med avtalefesta plass førerrett til ledige plassar. Føreretten til sysken gjeld etter barn av tilsette sin førerrett. Til slutt har barn frå Nordstranda krins som skal gå siste år før skulestart

førerett til plass.

Føreretten er avgrensa til ledige plassar på aktuell avdeling.

4. Styret vedtek prisar og moderasjonar på plassar.
5. Oppseiing av plass skal vere skriftleg. Oppseiingstida er 3 mnd. frå den 1. i kvar mnd. Det tyder at oppseiing gjort den 1. vert gjeldande frå den 1. i neste mnd. Elles skal vilkåra for plassen gå fram av avtalebrevet om barnehageplass.
6. Opningstida i SAB er 07.15 – 16.15. Anna opningstid kan fastsetjast av styret. Barna skal i barnehageåret ha 1 mnd. ferie, av dette 3 veker samanhengande i tida 01.06. – 31.07. Juli er betalingsfri månad.
7. Arealnorma i SAB er fastsett til å vere:
 - Inneareal for barn over 3 år: 4m² netto leike og opphaldsareal pr. barn.
 - Inneareal for barn under 3 år: 1/3 større enn norma over (§9 i Forskrift om miljøretta helsevern).